



Ein solblank augustmorgon i 1970 la vi ut frå handelsstaden Espevær, i lag med norskamerikanaren Albert Gundersen. Han hadde sine slektsrøter på den vesle øya vest for Bømlo – ein av dei gamle handels- og gjestgjevarstadene langs leia. Distriktsantikvaren og fylkeskonservatoren var blitt inviterte til Espevær for å sjå på det gamle handelshuset, og dette vart opptakten til ei kulturgeografisk oppdagingsferd på vestkysten. Året etter drog hovudfagskandidaten Jan Henrik, saman med ein medstudent i kunsthistorie, Asbjørn Isachsen, ut på tokt frå Bergen, utstyrt med måleband, teikneblokk, gradteigskart, fotoapparat og store mengder film, for å utforska dei vestnorske handelsstadene.

Espevær på Bømlo kring 1915 – den eldste handelsstaden, "Biekronå".
Foto: Severin Kannelønning.

PÅ TOKT LANGS VESTKYSTEN

Nils Georg Brekke

I Espevær var driftige husmødre i full sving med å restaurera den gamle hovudbygningen – med god støtte frå Albert Gundersen – og dei hadde behov for gode råd om antikvariske verdiar i gamle hus. Etter ein innhaldsrik dag og ei hyggeleg kveldsseta drog vi neste morgon tilbake til Bergen, og vi gjekk for det meste utaskjers i det vakre sommarvêret. Det var havblikk og lange dønningar, og Albert Gundersen var lommekjend i området frå sine oppvekstår:

"Der ligger Hiskholmen, der inne ligger Bømmelhavn og Foldrøyhavn, og lengre oppe ligger Sønstabovågen og Øklandsvågen og Brandasund. Vet dere om disse gamle handelsstedene, gutter?"

I hans barndom var leia livsnerven for kystsamfunnet, med lune hamner og gode ankerplassar, og med handelshus og gjestgjevarstader som perler på ei snor, med 3–4 sjomils mellomrom – eit stort samferdslesystem for handel, jektetfart, skysskifte og overnatting for kongen sine embetsmenn.

Eg oppdaga at denne sentrale delen av det norske landskapet, leia og kysten, måtte kartleggjast grundigare for å få fram den nesten gløynde saga

om alle desse stadene langs "nordvegen" – eit tett nettverk av handels- og gjestgjevarstader, frå Boknafjorden til Sunnmøre, med klassisismens og empiriens store byhus på ytterkysten, som spor frå ei fjern, men likevel nær tid, før bilens tidsalder. Dette var byborgarane sine handelshus langs farleia mot nord, med gjestgjevarstader og loshamner og ruvande sjøbuer og saltebuer med det karakteristiske vindeskuret i gavlen frå sildefiskets høgkonjunktur – vestkystens karakteristiske arkitektur mot Atlanterhavet.

Tilbake i Bergen tok eg kontakt med førstekonservator Per Gjørder ved det som den gong hadde namnet Historisk Museum ved Universitetet i Bergen. Han vart opplødd for tanken om å ta dette temaet med i eit forskingsprosjekt som han hadde under planlegging, med støtte frå Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd (NAVF): *Vestnorske bygningsstrukturer*. Eg foreslo å trekkja inn ein av dei studentane eg som universitetslektor i kunsthistorie hadde møtt i fagmiljøet ved det nye Kunsthistorisk institutt ved Universitetet i Bergen – Jan Henrik Munksgaard. Ved Historisk institutt arbeidde han med ei innhaldsrik hovudoppgåve om Kristiansands byplan og byutvikling, og med si orientering mot kunst- og kulturhistorie kom han



Engesund i Fitjar, ved Engesundleia.
Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.

raskt inn i miljøet kring Historisk Museum og dei kulturgeografiske registreringane på Vestlandet, saman med ein annan historikar med glødande interesse for det vestnorske kulturlandskapet, Anders Kåre Engevik.

Dette vart starten på eit mangeårig samarbeid om kulturgeografiske registreringar med studentar i kulturhistoriske fag, organisert i årlege feltarbeidsekspedisjonar, som ei vidareføring av programmet som var lagt opp av Robert Kloster i mellomkrigstida. Kloster var på dette tidspunktet konservator ved Historisk Museum og organiserte den omfattande kulturgeografiske kartlegginga av Vestlandet, med bruk av spørjelister som vart sende til eit nettverk av gode lokalhistorikarar og heimelsmenn. I 1965 var Kloster blitt utnemnd

til professor i kunsthistorie, med særleg plikt til å forelesa over europeisk folkekunst. Det nyskipa kunsthistoriske instituttet heldt til i det gamle lysthuset Fastings Minde frå 1700-talet, i sentrum på universitetets campus, på pynten ut mot Puddefjorden. Eg vart instituttets første student og tok min magistergrad i 1968 med spesialområde innanfor folkekunst, byggeskikk og vestnorsk kulturgeografi. Og då eg i 1969 gjekk over frå stillinga som universitetslektor til ei nyoppretta stilling som fylkeskonservator i Hordaland, tok eg med meg programmet for dei kulturgeografiske registreringane. Dette vart utgangspunkt for ei breispektra kulturhistorisk registrering av kulturmiljø og kulturminne, byggeskikk, folkekunst og bygdehandverk. Det utvikla seg eit fruktbart samarbeid mellom Historisk Museum og

Fylkeskonservatoren i Hordaland, i eit pulserande fagmiljø med ein fin kombinasjon av kjeldestudier og feltarbeid i kulturlandskapet. I dette miljøet vart historikaren Jan Henrik ein nøkkelperson, gjennom eit engasjement som stipendiat i dei innleiande kartleggingane av byggeskikk og steinarkitektur i Lindås – hans første stilling etter avlagt hovudfagseksamen.

Eit sentralt tema som vart høgaktuelt i byrjinga av 1970-åra, var nettopp byggeskikken og landskapet i lyngheiane i Nordhordland og dokumentasjonen av den gamle Mongstadgarden, før den store utbygginga av oljeterminalen kom i gang. I desse registreringane var Jan Henrik ein høgt verdsett medarbeidar, med si gode evne til å orientera seg i nytt stoff og finna fram til relevant kjeldemateriale i arkiv og samlingar. Å koma frå dei skriftlege kjeldene – branntakstar, åbotsbøker, skiftemateriale og folketeljingar – og ut i kulturlandskapet vart innleiinga til mange års samarbeid om feltstudiar, forskingsprosjekt, registreringsrapportar og publikasjonar innanfor eit breitt kulturgeografisk felt. Det omfatta både bygdehandverket, folkekunsten, dei vestnorske handelsstadene og kartleggingane av byggeskikken i det atlantiske lyngheilandskapet. Ein del av dette arbeidet vart ført vidare innanfor ramma av det store tverrvitskaplege *Lindåsprosjektet* i midten av 1970-åra ved Universitetet i Bergen, finansiert av Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd. I dette prosjektet hadde Fylkeskonservatoren i Hordaland ansvaret for dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø i det store lyngheilandskapet nord og vest for Bergen – det klassiske strilelandet – som heilt fram til denne tid hadde lege utanfor allfarvegen både for bykjøpmennene og forskarane. Saman med Fortidsminneforeningens prøveregistreringar av hus og tun i Jondal kommune i slutten av 1960-åra var dei kulturgeografiske registreringane med og danna den faglege bakgrunnen for den nasjonale

registreringa av faste kulturminne. Dette førte fram til SEFRAK – ei praktisk forkorting av det lange namnet på *Sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Norge* under Norsk kulturråd og seinare Miljøverndepartementet.

I forskingsprosjektet *Vestnorske bygningsstrukturer* kom dei gamle handels- og gjestgjevarstadene inn i sin rette kulturgeografiske kontekst. Hausten 1970 sette Jan Henrik og eg oss ned kring seminarbordet på Fastings Minde – den nyutnemnde fylkeskonservatoren hadde sitt første kontor der – og byrja planlegginga av neste års feltarbeid. Då steig entusiasmen. Vi kom raskt fram til at vi måtte ta sikte på ein ekspedisjon langs vestkysten av Hordaland, frå Sveio i sør til Fedje i nord. Vi tok nokre telefonar for å finna ut kva båt som kunne nyttast til ei registreringsferd utaskjers og innaskjers, inn i sund og viker og vågar, og som samstundes kunne vera standkvarter i 3-4 veker med ein god og lokalkjend skipper. Og der trefte vi blink. Vi fekk kontakt med den tidlegare skyssbåten for kjøpmannshuset Sundt sine handelsreisande, og den lommekjende skipperen og eigaren av båten var samstundes ein god kokk. Då var programmet klart, og i mai 1971 la to studentar ut på ei storarta granskingsferd i ein lang godvørsperiode. Det var lange arbeids dagar, og til kvelds vanka det nytrect torsk eller andre gode rettar.

Det vart ein minneverdig tur, med eit innhaldsrikt registreringsmateriale. Då haustsemesteret byrja og det skulle rapporterast frå sommarens kulturgeografiske feltarbeid, vart det lagt fram eit overveldande biletstoff om dei gamle handels- og gjestgjevarstadene langs kysten – for dei fleste eit nytt og ukjent landskap – saman med den første dokumentasjonen av det historiske kjeldematerialet om det nettverket desse stadene var ein del av; dei kongelege forordningane på 1600- og 1700-talet om ”gjestgiverier” og ”kremmerleier”.



Krosshamn i Austevoll, sør for Korsfjorden, mellomalderens "Hardsjø".
Foto: Svein Nord.

Mellom studentane fekk Jan Henrik raskt det humoristiske og prestisjefylte tilnamnet "gjestgiveren". Dette feltarbeidet gav dei kulturgeografiske registreringane eit godt omdømme i mange miljø, som fagleg interessante og godt organiserte sommarjobbar. I åra framover auka tilstrøyminga av studentar som ville delta i dette arbeidet. Det vart ein stadig meir etterspurd del av utdanninga i kulturhistoriske fag, både ved Universitetet i Bergen og frå andre av dei norske studiestadene, og vi hadde faste feltkurs kvar vår før oppstart av arbeidet.

Fagleg var dette gylne og innhaldsrike år. Dei årlege registreringsprogramma – på kysten, i lynchheiane og innover i fjordane – vart ein kulturhistorisk parallell til dei arkeologiske utgravingane på Vestlandet. Bygdelag etter bygdelag vart gjennomtråla på jakt etter dei synlege og usynlege historiske spora, med særleg fokus på tema som var under press: byggeskikken, bygdehandverket og folkekunsten i det gamle handverkssamfunnet. Det var i desse åra at konseptet for *Kulturhistorisk vegbok for Hordaland*

vart til, og mange større vernetiltak vart planlagde på grunnlag av nyvunnen kunnskap. Eitt av desse tiltaka var verneplanen for dei gamle handels- og gjestgjevarstadene på Vestlandet, som vart utforma på bakgrunn av det store registreringsmaterialet frå hordalandskysten.

Planen tok utgangspunkt i ein tanke om at ikkje berre dei stilreine empirehusa, byborgarens hus, og dei store sjøbuene måtte vera ein del av den verneverdige historia, men også kulturlandskapet langs leia, med alle spor etter samferdsla på kysten – fortøyringsringar, boltar og gode ankerplassar i lune vågar. Men først og fremst la vi opp til at det skulle veljast ut fire representative stader med innbyrdes avstand langs kysten. Desse skulle gje eit godt bilete av det store nettverket av handelsstader, gjestgjevarstader, skysskifte, loshamner, uthamner og utvær under sildefisket. Nokre av stadene hadde berre ein eller to av desse funksjonane, andre kunne ha mange. Kunnskapen om dette innhaldsrike nettverket tok etterkvart form gjennom Jan Henriks grundige og nøyaktige kjeldarbeid, som la grunnlaget for vitskaplege og gjennomillustrerte rapportar om materialet.

Fire stader vart valde ut i tillegg til Espevær i Bømlo: Færøysund i Fitjar, Krosshamn i Austevoll, Bruknappen i Lindås og Kræmmerholmen på Fedje. Vi skisserte ei ramme for kostnadene som var nødvendige for å setja desse stadene i god stand, med planlegging av framtidig bruk. I tillegg var fleire andre av desse stadene i bruk som pensjonat og handelsstader, som Engesund i Fitjar, Bekkjarvik i Austevoll og Glesvær i Sund, slik at det gamle nettverket var delvis intakt. Tanken om vern gjennom bruk var på dette tidspunktet relativt ny i den antikvariske vernepolitikken. Planen innebar forslag om å gje bygningane ein fornya funksjon som overnattingsstader – ei revitalisering av deira opphavlege funksjon – som ein del av eit kulturhistorisk orientert reiseliv. Vi fekk med oss gode råd om ikkje å gå for langt

mot masseturismen då vi seinhaustes 1971 la fram planen for Norsk kulturråd. Men der fekk planen fullt gjennomslag, og rådet løyvde 1,2 millionar kroner til prosjektet – ein betydeleg sum på den tida. Og det skulle snart visa seg at masseturisme på den barske vestkysten var eit mindre problem enn pengesterke oppkjøparar, som var ute etter urørte idyllar i skjergarden.

For å vera på trygg grunn, sikra vi oss god fagleg støtte frå dåverande riksantikvar Roar Hauglid. Jan Henrik og eg redigerte eit første utkast til rapporten om dei gamle handels- og gjestgjevarstadene på Vestlandet – ein manuell versjon med eit rikholdig biletmateriale og gode kart – som vedlegg til planen. Då vi la dette fram for Hauglid, vart han oppglødd både for



Bukken i Sund, nord for den harde Korsfjorden.
Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.



Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet. Del 1. Bergen 1973. Glesvær i Sund.



Kulturminne i Lindås. Del 1. Bergen 1971.



Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet. Del 2. Bergen 1975. Herandsholmen i Jondal.

verneplanen og det historiske materialet og gjorde framlegg om at dette temaet burde finna sin plass i serien *Norske Minnesmerker*. Han kalla inn ein av sine gode medarbeidarar, viste fram verneplanen og rapporten og sa: ”Her skal du se hvordan det skal gjøres.” Då forstod vi at prosjektet var i rett spor.

Rapporten om dei 25 handelsstadene langs den ytre leia mot nord, kystleia, vart følgd opp eit par år etter av ein rapport om 25 stader i den indre delen av Hordaland, langs Hardangerfjorden heilt inn til Heggjagarden i Eidfjord og langs Bolstadfjorden og Vossovassdraget – dei sentrale ferdslvegane mellom aust og vest. Etterkvart steig det fram eit bilete av eit stort samferdslesystem frå 1600- og 1700-talet, frå eineveldets tid og fram til seglskutene og jektene måtte vika for dei nye dampskipa etter 1850. Jan Henrik navigerte bokstaveleg tala vidare langs vestlandskysten og heldt fram med dei gamle handels- og gjestgjevarstadene i Sogn og

Fjordane. Han plasserte seg etterkvart sentralt inn i den kulturgeografiske tradisjonen frå Robert Kloster – ein dyktig forskar og ein god fagforfattar, med stor sans for den pedagogiske og poengterte framstillinga. Stoffet om dei gamle handelsstadene var for mange eit nytt og lite kjent kulturhistorisk materiale; historia om byborgarane sine hus langs farleia og handelsvegane i kystlandskapet, ein fascinerande kombinasjon av byggeskikk og byutvikling, næringshistorie og samferdselshistorie. Samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og fylkeskonservatorembetet i Hordaland i utforskinga av den vestnorske kulturgeografien opna mange nye perspektiv, og i åra framover vart stipendiatar og hovudfagsstudentar innanfor etnologi, historie og kunsthistorie engasjerte i dette feltarbeidet. Også NRK fatta stor interesse då vi introduserte temaet om dei vestnorske handels- og gjestgjevarstadene, og ein dokumentarfilm vart planlagt våren 1972. Vi utarbeidde eit utkast

til dreiebok og opptaksplan. Lise Foss greip med entusiasme dette temaet og kom til Bergen i spissen for eit filmteam for å bli med på ei opptaksreise i havgapet. Vi hadde skaffa ein litt større og raskare båt, og i godvær langs kysten vart dei fotogene motiva så mange og så vakre, med raske katamaranar som suste framom gamle naust og saltebuer, at då vi kom opp igjen til Bergen frå det første toktet i Sunnhordland, var all råfilm oppbrukt, og ein ny ladning måtte sendast frå Oslo. Filmen om handelsstadene vart vist gjennom to program i NRK våren 1973, og her framsto den unge ”gjestgiveren” Jan Henrik som ein glimrande cicerone på den norske vestkysten.

Eit prosjekt som fekk høg prioritet i midten av 1970-åra, i forkant av den komande storutbygginga på Mongstad, var kartlegginga av kulturlandskapet og den karakteristiske arkitekturen i lyngheiane i Lindås og Austrheim, med store gråsteinsgavlar mot dei harde vinterstormane frå vest. I dette låge landskapet ut mot Nordsjøen og Atlanterhavet finn vi nøkkelen som opnar for ei ny forståing av dei lange utviklingslinjene i den norske bygningshistoria, med ein kombinasjon av skriftlege kjelder, lokalhistoriske registreringar og dei siste femti års arkeologiske utgravingar. Dette var også ei av dei oppgåvene Jan Henrik vart med på, med registrering av byggeskikken i den sentrale delen av Lindås kommune før ringverknadene av utbyggingsplanane for Mongstad hadde byrja å gjera seg gjeldande i reguleringsplanlegging og bustadbygging. Basert på ein feltarbeidssesong publiserte vi den første rapporten om *Kulturminne i Lindås* som opptakt til ein serie om *Kulturminne i Hordaland*. Saman med historikarkollega Anders Kåre Engevik vart Jan Henrik også engasjert i *Lindåsprosjektet*, der fylkeskonservatoren hadde ansvaret for registrering av kulturlandskap og historiske miljø. Dette arbeidet førte fram til forskingsrapporten *Byggeskikk i Nordhordland*, som både var ein publikasjon under *Lindåsprosjektet*

og ein rapport i serien om faste kulturminne i Hordaland fylke.

Slik vart 1970-åra ei spennande tid for utvikling av samspelet mellom kunnskapsprosjekt, forskingsrapportar og konsekvensanalyser, parallelt med gjennomføring av større vernetiltak – ikkje først og fremst gjennom tradisjonell freding, men gjennom frivillige verneplanar og reguleringar etter plan- og bygningslova. For Nordhordlands vedkomande skulle det ta nesten 20 år før resultatet av *Lindåsprosjektet* og kulturminneregistreringane vart omsette i konkrete tiltak i kulturlandskapet, gjennom konseptet for Lyngheiseret på Lygra, som fekk stor internasjonal merksemd. Verneplanen for dei gamle handels- og gjestgjevarstadene vart derimot sett ut i livet så snart løyvinga frå Norsk kulturråd var på plass våren 1972. Det vart lagt ein detaljert restaureringsplan for kvar av dei fire stadene, og det vart engasjert ein arkitekt til kvart prosjekt, dels i samråd med Fortidsminneforeningen. I heile denne prosessen var det eit tett samarbeid med Historisk Museum ved Universitetet i Bergen, og her var det nettopp Jan Henrik som vart ein sentral fagperson og vitskapleg assistent. Arbeidet med publisering av rapportane om handelsstadene gjekk parallelt med restaureringsarbeidet. Dei gjennomillustrerte hefta viste seg å verta etterspurde, både mellom båtfolket og mellom folk flest, og dei vart i løpet av nokre år utselde.

Tanken om at stadene skulle inngå i ei form for kulturhistorisk turisme, med fornying av dei gamle funksjonane som overnattingsstader, viste seg å vera eit lengre lerret å bleika. Dei stadene som gjennom verneplanen raskast vart revitaliserte i det gamle mønsteret, var det gamle hovudhuset til smeden i Bruknappen – ein av dei historiske stoppestadene for sognejektene på veg til eller frå Bergen – og Kræmmerholmen på Fedje. Men sjølve grunntanken i planen for



Bruknapen i Lindås – overnattingsstaden for sognejakter på veg til Bergen.
Foto: Svein Nord.

dei gamle handels- og gjestgjevarstadene, vern gjennom bruk, vart først i 1990-åra realisert som ein del av bakgrunnen for meir overordna og langsiktige tiltak gjennom *Prosjekt Vestkyst* og Kommunaldepartementets program for regional utvikling. Denne førte mellom anna fram til den nasjonale stiftinga Norsk Kulturarv. Denne nye stiftinga vart på Vestlandet litt spøkefullt kalla ”kulturminnevernets lekmannsrørsle”. Ideen var at eigarane av norske kulturminne skulle skifta status frå å vera klientar for tildelingar av offentlege midlar for vedlikehald av verneverdige bygg til å bli forvaltarar av kongeriket sine historiske verdjar. Bruknapen vart ein ettertrakta seminarstad,

men der gjekk det dessverre slik det av og til kan gå med gamle hus. Ein trøytt seminardeltakar gløynde eit brennande stearinlys på nattestid, og hovudbygningen brann ned. Då var den nøyaktige kjelddokumentasjonen og materialet frå Jan Henrik sine registreringsrapportar gode å ha, og Bruknapen vart gjenreist som ein nøyaktig kopi. Framleis ligg huset til smeden i Bruknapen ved den lune vågen rett inn frå leia – eit historisk miljø som fortel om samferdselshistoria langs den lange vestkysten, frå sør mot nord. Men staden som vart det mest fullstendige anlegget av dei fire historiske handelsstadene i verneplanen, var Kræmmerholmen på Fedje, ein halvtimes

båtreise vest for fastlandet. Her utvikla det seg eit godt samarbeid mellom kommunen, ved sin legendariske ordførar Oskar Tangen, og den bergenske avdelinga av Fortidsminneforeningen, som overtok ansvaret for eigedommen. Det gamle handelshuset på Kræmmerholmen vart sett i god stand og fekk ein utvida funksjon med ein god restaurant ute i havgapet, med nye eigarar. Etter nokre år vart det gjeve klarsignal for å reisa ein del havstover som overnattingsstader i det historiske miljøet. I mange år har Kræmmerholmen vore ein av dei etterspurde overnattings- og seminarstadene på vestkysten. Då den internasjonale Nordsjøløypa – Nortrail – vart opna under Bergen som kulturby i år 2000, vart vandringa langs kysten frå Fitjar til Fedje avslutta på den gamle handelsstaden. Men også her er historia blitt innhenta av

marknadskreftene, og Kræmmerholmen har for tida ikkje denne opne funksjonen for alle som ferdast langs kysten. Dei gamle kremmerleiene er ikkje lengre god nok butikk.

I eit retroperspektiv kan ein i dag gjera seg tankar om den verdien forskning og historisk kunnskap kan ha som ein del av vernepolitikken i samfunnet. Det er vel ei erfaring at i den lange oppgangsperioden i etterkrigstida i Norge, til eit velstands nivå som ingen generasjon har opplevd tidlegare, er det eit risikabelt prosjekt å gjera vernet av dei økologiske og historiske verdiane i landskapet avhengig av marknadsøkonomien. Samstundes må det vera slik at dei midlane samfunnet brukar på vern, ikkje berre går gjennom antikvariske og museale kanalar.



Kræmmerholmen på Fedje, med nye havstover ved sida av den gamle handelsstaden - revitalisering av historiske verdjar og funksjonar i dei gamle handels- og gjestgjevarstadene på vestkysten.
Foto: Svein Nord.

Det optimale målet må vera å gjera historia nærverande som ein del av det miljøet som omgir oss – fortida omkring oss. Derfor må kunnskapen om landskapet og historia vera ein viktig del av regionalpolitikk, områdesatsing, nærmiljøtiltak, folkehelse og friluftsliv. Men kunnskapen vil sjølvstøtt ha sin eigenverdi – god historie gjennom gode historier – som ein del av den historiske skattkista, det nasjonale minnet.

Lat dette vera ei helsing frå ein ven av historia til ein litt yngre ven av historia.

Kilder

Litteratur

Brekke, Nils Georg (red.): *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland*, Bergen 1993.

Brekke, Nils Georg (red.): *Folgefonna og fjordbygdene*, Bergen 2008.

Brekke, Nils Georg og Helge Schjelderup (red.):

Hus på vestkysten gjennom 4000 år, Bergen 1997.

Engevik, Anders Kåre og Jan Henrik Munksgaard: *Byggeskikk i Nordhordland*, Bergen 1975.

Munksgaard, Jan Henrik: *Kulturminne i Lindås, del 1*, Bergen 1971.

Munksgaard, Jan Henrik: *Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet, del 1*, Bergen 1973.

Munksgaard, Jan Henrik: *Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet, del 2*, Bergen 1975.



Kræmmerholmen på Fedje – den gamle handelsstaden.
Foto frå byrjinga av 1900-talet. O. Schumann Olsens samling.